

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Nord-Trøndelg.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Marrin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Ø y h e i m .

G.nr. 2 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Når det gjeldt svara ja eller nei so vart det ikkje lakt nokko sterkt uttrykk i desse orda med mindre at dei ein snakka med tvila på svaret kunde det bli lakt sterkare uttrykk i ja eller neisvaret men at det vart gjort nokko rørsle med handa for å gjeva svaret eit sterkare uttrykk kan ein ikkje minnst.
2. I den eldre tid var det skikk å helsa på den ein råka på vegen enten det var ljose dagen eller mørkret. Når det var mørkt og ein ikkje såg kven ein møtte var det på målet åt den ein råka som ofte sa ifrå kven det var ein møtte ein råka. Ein hugsar ein postberar som fortalde at ein sein haustkvell då han kom med posten råka han ein mann som ikkje svara då han helsa og det meinte han var ein som ikkje hadde folkeskikk. No helsar ein på dei han kjenner når ein råkar dei på vegane men på dei ein ikkje kjenner vert det aldrig helsa.
3. Nokkon regel for kven som skulde helsa først når dei møttest var det ikkje det ein kan hugsa.
4. Når ein møtte ein eller fleire på vegen sa ein "godag" og det sa ein når ein kom inn i huset åt naboar eller eller korsomhelst andre stader.
5. Råka ein presten eller ein annan av embetsfolket og andre rangspersonar tok ein alltid huva av seg og om

lensmannen eller futen eller nokkon annan myndigheit kom og skjendte på folk for eit eller anna måtte ein alltid stå med huva i handa so lenge uværet stod på. Men ein tok aldri hatten eller huva av seg når ein råka slektningar eller kjenningar på vegen. Var det slektningar eller kjenningar langvegs ifrå vart det helsa i handa som dei kalla det. Dette var å ta kvarandre i handa når ein sa goddag.

5. Skikken å ta hatten med begge henderna eller å ha
6. hatte eller huva unner arma kan ein ikkje hugsar her.
7. Når det var gjestebod som t.d. brudlaup eller gravøl og ein var kledd i høgtidsdrakt helsa ein alltid i handa i gjestebodet. Ein sa goddag i handa åt alle.
8. Vart ein beden i joleselskap eller anna selskap hjå slektningar eller kjenningar gjekk ein alltid rundt og handhelsa på ein og kvar i huset og då vart det helsa på borna for liksom å komma på ein god fot med dei.
9. Å klappa kvarandre på aksla som hjarteleg helsing kan ein ikkje minnst.
10. Heller ikkje kan ein minnst at folk tok hatten av når dei høyrde kjerkeklokka men det er truleg då folk hadde sers stor vyrndad for kjerka og dei handlingar som gjekk for seg der.
11. Ein trur ikkje at det vart gjort nokko honør om ein ^{råka} likferd eller ei brudeferd på vegen anna enn at ein stogga til ferda hadde fare forbi. Ein såg eingong då nokre englendera råka ei likferd på vegen at dei tok hatten av seg. Det er einaste gongen at ein har lakt merke til honør for likferd på veg. Ei anna sak er det at no reiser alle seg i kjerka når eit brudepar går inn over kjerkegolvet og når dei går ut og når ei båra vert boren ut av kjerka reisar alle seg.
12. At det vart helsa på dyr eller andre ting hugsar

1027

ein ikkje herfrå bygda.

13. Gomorn eller berre morn sa ein frå tidleg morgen og til omlag kl. 9 på fyrremiddagen og frå då av og til kl 4 om vinteren og til kl. 8 summarsleite sa ein goddag. Og etter den tid på dagen var det gokvell.

14. Å seia gomorn eller gokvell utidig på dagen veit ein ikkje om det vart brukt anna enn som spøyk. Ein hugsar soleids ein handtverksvein som kom seint på arbeidet ein

15. morgon og helsa gomorn og so svara meisteren goddag men det var berre for å erta sveinen litegrann og ikkje for

16. å refsa han. I seinare tid vart det mykkje godt sakt gomorn nesten heile dagen når folk møtes.

17. Guds fred og velsign arbeidet sa dei i gammeltida.

Enno vart det sakt velsign arbeidet og velsign maten når nokkon kjem åt eit arbeidslag og om ein kjem når folk

18. sitt ved bordet og får seg mat. Når folk møttest etter altergong sa dei til løkk med saligheita.

19. Når ein gjest møtte verten ute på tunet helsa han goddag og når han kom inn sa han gjerne goddag inn. Den skikken er mykkje godt bruka enno.

20. Vilde nokkon snakka med husfaren åleine sa han "kan eg få snakka med deg på tomannshand".

21. Å banke på døra når ein kom til ein stad og vilde inn
22. vart ikkje brukt i den eldre tid. No er det meir og meir vorten skikk. Dei som er inne i huset segjer då kom inn.

23. Ein som kom inn på ein stad stod gjerne ved døra til
24. dei sa versgod sitt. Hattan tok folk alltid av seg når dei
25. var komne innom døra. Alle som kom når ein unnatek lann-
26. strykera vart bedne ein stol å setja seg på. Var det heilt
27. framande som kom til gards spurte ein dei kven dei var
fyrr ein bad dei satja seg. Ellers vart slike ikkje

28. mottekne annerleids enn dei som ein kjendte. Å turka av stolen fyrr ein sessa folk trur ein ikkje vart brukt.

29. Når innbedne gjestar kom tilgards vart det sakt berre velkommen og det vart ogso sakt når gjestar kom til brudlaup eller gravøl.

30. ved kvardagslege vitjinga sa gjerne dei som fór takk
31. for meg og farvel og det samma var det ved avskil ellers men ~~var~~ det for lengere tid som ei amerikareise vart det sakt eit varmt levvell.

32. Å kyssa kvarandre vart aldri brukat til farvel. Dei som var trulova og skildtes etter eit besøk kyste vist kvarandre men neppe når nokkon såg det. Å kyssa kvarandre til farvel er ein skikk som ikkje har komme inn i landsbygdsikkane endå det ein veit. At mannfolket kyste ~~kvarandre~~

33. kvarandre trur ein aldri vart. Men det er truleg at kvinnorna kunde gjera det men ikkje som nokkon fast

34. skikk. Millom kjerastefolk kunde ^{det} heite å gi gomonn og

35. det heitte det når ein kyste borna. Å kyssa på handa når ein takka eller sa farvel vart kanskje gjort men

36. det var neppe nokkon fast skikk. Vart det gjort vart det venteleg gjort for å visa taksemd og vyrdnad. At

37. folk kyste si eige hand som uttrykk for stor gleda har ein ikkje høyrd nemnt.

38. Når ein vil ha ein kyss av småborn spør ein gjerne

39. om å få ein gomonn. Når dei vaksne vilde gni nase med

40. småborna kalla ein det å bøtt næssi. Det var mest foreldra dra som dreiv denne leiken med borna men det kunde ogso vera andre når dei stod på ein god fot med borna.

41. Å stela nase med borna vart vist ogso gjort med å å knipa nasen millom peke og langfingeren og so stikka ~~stikka~~ tommelfingeren milomm dei samma fingrane og visa

42. fram åt borni. Å legja kjake mot kjake som kjærtegn vart

43. ogso brukt millom foreldra og borni men utanom kjerastefolk var det neppe nokkon kjakeleik.

44. Å bruka uttrykket til lukka vart gjort ~~gjort~~

ved ymse høve. Hadde nokkon geburtsdag vart det sakt te løkk med daji og det vart og vert sakt løkka med juln og løkka med nyári og ellers ved kvart einskildt høve der ein no brukar ordet gratulerer.

45. Som nemnt vart yttrykket te løkk brukt til alt der ein no er vorten så moderne at ein seier gratulerer.

46. Å kondolere når nokkon var avliden vart aldri brukt i den eldre tid. Ein trur ikkje at dei hadde nokko ord som svara eller høvde til kondolanse. Det er først i seinare tid at dette ordet for å gi uttrykk for medkjendsle er vorten kjendt og teke i bruk.

47. Når ein takkar for ein ting segjer ein berre takk. Takkar ein for seg i eit gjestebod av kva slags er det å ta vertfolket i handa og segjer takk for meg. Det er ogso skikk å segja takk for sist når ein kjem på ein stad der ein har vore gjest tidlegare.

48. Å takka for seg på vegne av ein som er avliden er ein ukjendt skikk heromkring. Vilde nokkon visa sin vanvyrdnad mot nokkon kunde dette bli gjort med ein jeip med munnen og det var kanskje dei som tok seg i baken når ein vilde visa fram vanvyrdnaden på ein kraftigare måte.

50. Millom almindelige folk vert det sakt Du. Men åt gamle folk skulde det alltid segjast Dåkk. Og er det embetsfolk eller standspersonar ein snakkar med vert sakt De (Di).

51. Ein minnest at dei gamle kunde segja han eller ho når dei snakka med rangspersonar. Men no er vist dette heilt avlakt.

Særemne nr. 6.

Opstadgogn.

Oppstående vevstol har ein aldri set her i bygda. *avskr.*